

Språknytt

Sjov med språk

side 6





Leder

Språk på pålar

«Det overordna målet for språkpolitikken må vera å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg».

Sitatet ovanfor er henta frå stortingsmeldinga «Mål og meining» frå 2007. Også for ti år sidan var det klart at det norske språket trong *sikring*. Målet var, den gong som no, at det norske språket skulle vera samfunnsberande.

Kva vil det seia å *bera samfunnet*?

Me kan lesa det slik at språket skal spegla Noreg: På alle samfunnsområde skal det vera mogleg å nytta norsk. I klasserommet, på treningssenteret, på byggeplassen og i auditoriet – norsk skal vera eit språk i dagleg bruk som utviklar seg slik at det kan bera både tanken og samfunnet.

Kva er alternativet? Me kan sjå føre oss at norsk, ein gong i framtida, *ikkje* er eit brukande språk på alle område. Kan hende vil det «bera» berre nokre delar av samfunnet. Kanskje vil det vera utenkjeleg å skriva ein akademisk tekst på norsk, og kanskje vil det ikkje finnast artistar som syng på morsmålet sitt.

Politikarane våre har bestemt at dette er ei framtid me ikkje ønskjer oss, og dei har gitt Språkrådet i oppgåve å arbeida for at norsk skal halda på posisjonen språket har i dag.

Eitt svært viktig domene for norsk språk er fagspråket. Dette står under press frå engelsk. I denne utgåva av Språknytt kan du lesa meir om korleis Språkrådet jobbar saman med Standard Norge for å sikra norsk fagspråk på samfunnsviktige felt.

Fagspråket er ein av pålane som «det norske språket» kviler på. Skal språket bera samfunnet, må fundamentet vera solid. Difor må me røkta fagspråket og gjera det tilgjengeleg for brukarane. Gjer me ikkje det, kan me til slutt sitja att med eit norsk språk som berre kan brukast kring kjøkenbordet.

Åse Wetås
direktør i Språkrådet

Innhold 2 | 2017

- 3 Norsk i Ørsta = nynorsk?
- 5 Språkbrukeren
- 6 Intervjuet



- 10 Se mitt språk
- 12 Språkdilemma i høgare utdanning
- 14 Menneska bak orda
- 16 Hovedbry
- 17 Med andre ord
- 18 Skikkelig standard



- 24 Samfunnskritisk sikkerhet
- 27 Grammatisk kjønn og variasjon i norsk
- 30 Mett og god – og utørst
- 31 Nyord
- 32 Klipp
- 33 Leserspørsmål
- 36 Historia bak



Norsk i Ørsta = nynorsk?

På få år har talet på kommunar som gir opplæring på nynorsk til vaksne innvandrarar, mangedobla seg. Kurdaren Raman Nesri i Ørsta på Sunnmøre er glad for å lære språket dei andre i bygda bruker.

TEKST OG FOTO LARS IVAR NORDAL

– **EG HAR VORE I ØRSTA** i fem månader og ti dagar, seier Raman på klingande, normert nynorsk. Han er ein av 42 vaksne innvandrarar som får norskopplæring – på nynorsk – i kommunen. Slik har det vore sidan hausten

2011, då ein byrja med norskopplæring i Ørsta. Også i åra før hadde innvandrarar på Ivar Aasens fødestad fått norskopplæring på nynorsk gjennom eit interkommunalt samarbeid.

– Fyrst trudde eg nynorsk var vanskeleg, men no er det lett. Eg har ikkje lært bokmål, men eg skjøner ein del. Endrar du nokre bokstavar, så blir det bokmål, slik som i *laurdag* og *lørdag* og *heter* og *heiter*. Det er i grunnen veldig likt, så eg trur ikkje det blir noko problem å lære bokmål, seier Raman.

Han er no på nivå A2 i norsk, som vil seie at han kan lage enkle setningar og forstå samtalar om daglegdagse emne. Heime i Kurdistan var han journalist, men no ynskjer han ein dag å bli lærar.

– Raman er akademikar og politisk interessert. Men på vaksenopplæringa har me elevar med svært ulikt utgangspunkt. Nokre kan ikkje lese og skrive på morsmålet sitt, medan andre har ein mastergrad frå heimlandet, fortel Oddny Flugekvam, inspektør ved opplæringscenteret i Ørsta.

Flugekvam meiner det å bruke nynorsk som opplæringsmålform har mange føremoner:

– Oppgåva vår er å kvalifisere dei for det lokalsamfunnet dei blir busette i. For å oppnå det, må dei faktisk lære det språket som blir brukt i bygda. Dei skal kjenne at dei er ein del av samfunnet her. Mange har også born i skulen som lærer nynorsk, og då blir det mødesamt om foreldra skal lære éi målform, og borna ei anna.

– Samstundes ser me at somme kjem hit frå andre stader i Noreg, der dei har lært litt bokmål. Det er ikkje til å stikke under stol at nokre av desse kan bli frustrerte når dei får vite at dei skal lære nynorsk. Andre reagerer motsett: Dei kjem sjølve frå ein minoritetssituasjon i heimlandet og blir nærast kamplystne på nynorsken sine vegner.

Val av opplæringsmål

Sjolv om nynorsken er sjølvsgagt i Ørsta, er det framleis berre om lag halvparten av nynorsk-

kommunane i landet som har valt nynorsk som opplæringsmål for vaksne innvandra- rar. Sams for dei fleste av kommunane, er at dei ligg i område der nynorsk er eit levande bruksspråk i skulen og elles i samfunnet. Hilde Osdal er fyrstelektor i norsk ved Høgskulen i Volda, og ho har undersøkt kva som ligg til grunn for valet av målform i vaksenopplæringa i nynorsk kommunane.

– Det viser seg at der nynorsken har fått gjennomslag, kjem det ofte av at det er gjort eit politisk eller eit administrativt vedtak i kommunen. I dei nynorsk kommunane som har bokmål som opplæringsmål for innvandra- rar, ligg det mest aldri eit slikt vedtak til grunn. Der er det ofte personalet i samråd med leiar for opplæringa som har avgjort at undervisninga skal vere på bokmål. Som på mange andre område er det altså politisk vilje som fører til gjennomslag for nynorsken, fortel Osdal.

Ho har sjolv lang erfaring med norskopplæring for utlendingar på høgskulenivå og forstår godt dei som vegrar seg for å byte undervisningsmålform.

– Det er klart at det ligg betre til rette for undervisning på bokmål. Utvalet av læremiddel er til dømes mykje mindre på nynorsk. Men det finst materiell på nynorsk, så det er mogleg å gjennomføre norskopplæringa på nynorsk. Det kjem også jamt nye lærebøker på nynorsk, seier Osdal.

– Sjølvsgagt finst det argument både for og mot. Men eg trur at det å lære målforma som blir brukt lokalt, er med på å bryte ned distansen mellom lokalbefolkninga og innvandra- rarane. Mange av dei skal ut i jobbar der dei har direkte kontakt med folk i kommunen, slik som i barnehagar og sjukeheimar. Då gjeld det å ha eit språk som knyt deg nærare til dei du kommuniserer med – ikkje eitt som skaper avstand.



Om nordmenn og andre ordmenn

«**NORDMANN TIL TOPPS!**» Det lyder bra for oss nordmenn. Eller burde vi seie «Norske til topps»? Det kan jo vere nordmannen Marit Bjørgen som har vunne. Eller burde vi seie «nordkvinna Bjørgen»? Det spørst om språkbrukarane er med på det, trass i at vi nordmenn eigentleg er opptekne av likestilling – også i språket.

Det norrøne ordet *nordmaðr* (nordmann) tydde *menneske frå nord* i ei tid då *maðr* var såpass kjønnsnøytralt at ein skilde mellom *karlmaðr* og *kvennmaðr*. Tydingsinnsnevringa frå det gamle *maðr* til moderne *mann* er noko av grunnen til at språket verkar mannsdominert i dag. Nokre nemningar kan reformerast, men kanskje ikkje alle. *Menneske* er trass alt avleidd av *mann* i si tid.

Nemninga *nordmann* er òg så gammal og utbreidd at ho neppe kjem til å bli erstatta av noko anna i overskødeleg framtid. Men er det mange nok som brukar eit anna ord, kan det til slutt finne vegen til ordbøkene og bli offisiell norsk. I så måte ligg nok *norske* best an. Det er eit etablert dialektord i Midt-Noreg, og det er kjent elles òg frå uformelle samanhengar, til dømes vitsar om norsken, svensken og dansken.

Om *nordmannen* skulle falle ut av språket, vil han eller «hen» kanskje rive med seg *engelskmann* og *franskmann*. På norsk brukar

vi *engelskmann* og *franskmann* på engelsk vis, jamfør *Englishman* og *Frenchman*. Men vi kunne på tysk vis ha valt *englendar*, som òg finst på norsk, og *franske*, jamfør *Engländer* og *Franzose*. Uansett vil nok svenskar og danskar halde fram med å kalle oss *norrmän* og *nordmænd*.

Vi har allereie gjort *formenn* til *leiarar*, *tillitsmenn* til *tillitsvalde*, *ombodsmenn* til *ombod* og *allmannamøte* til *allmøte*. Yrkestitlar som *lærerinne*, *sjukepleierske*, *servitrise* og *kontordame* har vi for lengst skift ut med *lærer*, *sjukepleiar*, *servitør* og *sekretær*. Og ein dag får vi kanskje kjønnsnøytrale ord for *jordmødrer* og *helsesøstrer*, *sysselmenn* og *fylkesmenn*. Berre tenk på riksmeklar Kari Gjesteby, som før ville ha vore riksmeklingsmann.

Ei rekkje tradisjonelle ordmenn har likevel overlevd og attpåtil fått ein kvinneleg make: *ankermann* – *ankerkvinne*, *føregangsmann* – *føregangskvinne*, *talsmann* – *talskvinne*. Og mange av dei har blitt «personifiserte»: *fagmann* – *fagperson*, *kontaktmann* – *kontaktperson*, *gjerningsmann* – *gjerningsperson*.

Men framleis finst det nokre manneord med ganske tydeleg kjønnsmarkering om vi legg det tronge, moderne mannsomgrepet til grunn: *nestemann*, *sidemann*, *sjømann* – og altså *nordmann*.



«Det har vore
draumen min
i tjuer år: meir
svineri på
nynorsk.»

Språkleg sjonglør

I «Eides språksjov» får ho folk til å le med språklege krumspring og populærvitskapleg formidlingsevne. Men Linda Eide forstår seg ikkje på dei som kallar henne komikar.

TEKST LARS IVAR NORDAL | FOTO KARI NYGARD TVILDE

Eg hugsar fyrste gongen eg såg «Linda Eide, humorist» på trykk. Då tenkte eg: Kven er det? Men no har eg forsona meg med å verta kalla humorist. Komikar, derimot ...

Linda Eide sit blant hundrevis av post-it-lappar på eit romsleg NRK-kontor på Minde i Bergen. For nokre veker sidan gjekk siste utgåve av «Eides språksjov» på NRK1, og dei fargerike lappane vitnar om den grannsame planlegginga som ligg bak eit «snakkesjov» i beste sendetid. Gjennom ni program har ho saman med Gunnstein Akselberg (medvossing og språkprofessor) og Sjur Hjeltnes (medvossing og musikar) kasta lys over språklege fenomen. I dag er ho tilbake på jobb etter ein velfortent ferie.

– Det kjennest bra. Og det kjennest bra at me skal gjera meir av dette, seier Eide. For sjovet har slått an; det vert ein ny sesong neste år. Nordmenn si interesse for språk ser ut til å vera utømmeleg.

– Me har fått enormt mykje respons. Eg har aldri opplevd maken. I byrjinga hadde me inga eiga e-postadresse der folk kunne koma med

tilbakemeldingar. Det førte til at min eigen innboks uoppfordra vart full av ris og ros. Då begynte me å syna e-postadressa til programmet, det tok heilt av, og me laga ei eiga spalte av tilbakemeldingane i programmet, fortel Eide.

Kva er det folk seier?

– Eg fekk høyra det då eg sa at noko hadde *lagt lenge nok*. Du tullar ikkje med sterke verb. Og då Helge Jordal forklarte at *pantry* var eit slags toalett, skulle ein tru at tredje verdskrigen hadde brote ut. Då var folk i harnisk, som det heiter. Det førte til at me tok eit bilete av Helge Jordal medan han låg på golvet inne på eit toalett. Han måtte leggja seg flat! Elles er det mange ute i verda som kjem bort og seier at dei liker programmet, alt frå passkontrolløren på Flesland til Halvdan Sivertsen på tilfeldig NRK-besøk. Og det er utruleg kjekt.

Frå feilsnakk til språksjov

Ideen vart fødd for fleire år sidan. I 2013 begynte Eide og Gunnstein Akselberg med det månedlege arrangementet «Ut med språket» på Litteraturhuset i Bergen, der dei snakka om laust og fast i språket, med publikum i salen. Etter kvart fekk arrangementet tilnamnet «språksjov». ►

– Eg ropte ut frå scenen: «Velkomen til Litteraturhusets månadlege språk...», og så svar-te publikum «SJOV!». Og sidan publikum ville ha show, måtte me erklæra oss for «språksjov», forklarar Eide.

At det handlar om språk, er ikkje tilfeldig. Sjølv elsker ho «feilsnakk», som ho kallar det.

– Me hadde eit ektepar i programmet, Laila og Karen Anne, der den eine heile tida snubla i faste uttrykk. Ho sa blant anna «gull og grøne erter» og «me heng saman som bjørkeris.» Ei spansk dame sa også ein gong til meg: «Eg føler meg som ein gammal røyk». Det var i grunnen ganske treffande, synest eg! Slike feil kan jo enda opp med å utvikla språket. Men skrift-språket er eg nøyen med, det er viktig at det er eintydig og følgjer faste reglar. Og det er det som er så kjekt med språk, det finst både rett og gale, samstundes som det er heilt anarki. Der desse ytterpunkta møtest, der kan du laga mykje skøy, seier Eide.

Sjølv om ho ikkje liker å bli kalla komikar, er ho altså glad i skøy. Det skuldar ho på eit «halvtalent for å få auge på kvardagskomikk».

– Det eg driv med, er eigentleg faktajournalistikk. Skal ein engasjera med slikt, er det to måtar å gjera det på: anten å få folk til å le og mora seg, eller å gjera folk sinte eller lei seg. Eg er ikkje så flink til å gjera folk lei seg, sjølv om målet mitt i grunnen er å bli flinkare til det. Det eg vil unngå for kvar pris, det er likesæla i midten, mellom humoren og alvoret. Om du til dømes skal snakka om eit semikolon, kan det vera lettare å få folk til å le litt. Det er i alle fall veldig vanskeleg å få folk til å grina av eit semikolon. Men å få folk til å vera likesæle overfor eit semikolon, det er veldig lett.

Maskin eller individ

Sidan 1990 har NRK vore navet i journalist-livet til Linda Eide. Frå 1993 var ho med på oppstarten av NRK Petre, og akkurat det året

skulle verta skilsetjande på fleire vis.

– Det var då NRK gjorde det mogleg å nytta dialekt på lufta. Åra før måtte eg prata normert nynorsk.

Korleis var det?

– Det var ikkje bra. For meg vart resultatet dårleg stemmebruk, svakt språk og klager frå lyttarar. Det å kunna nytta vossadialekten på lufta, det var ei gåve. Alternativa for NRK var at eg anten skulle høyrast ut som ein represen-tant for eit maskineri eller som eit individ. Om ein snakkar eit skriftspråk, vert det nødven-digvis ikkje så munnleg.

Sjølv meiner ho at det å bruka dialekt i of-fentlegheita ikkje byr på vanskar lenger.

– Nokre spør meg: Kvifor har du behalde dialekten din? For meg blir det som å spørja: Kvifor har du behalde armen din? Men eg trur at dei som ikkje liker at folk bruker dialekten sin, er i ferd med å døy ut. Me har blitt vane med å høyra ulike dialektar, og variasjonen trener språkøyret vårt. Det er annleis med nynorsken. Han er det framleis greitt å diskrimi-nera. Det ser me jo i dei største avisene våre kvar dag. Journalistar får ikkje bruka nynor-sken, ein arbeidsreiskap vert rett og slett teken frå dei. Difor er det spanande det som no skjer under sjefredaktør Gard Steiro i VG, der nynorskforbodet vert mjuka opp. Nyleg skreiv den avisa om ein fedmeoperasjon i India – på nynorsk. Det er ikkje ofte eg les om fedme-operasjonar, men står det på nynorsk, då les eg det frå a til å!

Eide føretrekkjer også å bli intervjuet på ny-norsk. Men det er ikkje alltid like lett å få til.

– Eg møter mange journalistar som seier at dei ikkje meistrar det. Då tenkjer eg: Ja vel, kan du vera journalist og ikkje kunna skriva nynorsk? Men eg vil bli intervjuet på nynorsk. Det er betre for lesaren, for stemma mi kling med i teksten. Somme tider har eg hatt høgt-lesing frå intervju med meg sjølv på bokmål i



Linda Eide har eit eige hjørne i rekvisittrommet på NRK i Bergen med minne frå tidlegare program.



Kontoret er breiddfullt med post-it-lappar med idear til «Eides språksjov».

«Det eg vil unngå for kvar pris, det er likesæla i midten, mellom humoren og alvoret.»

vekeblad, og då held folk på å knekka saman, for det er jo berre ikkje meg.

Meiner du då at ingen med bokmålsnært talemål bør intervjuast på nynorsk?

– Nei, det gjer eg ikkje. Men det er liten tvil om at eit portrettintervju med Kåre Willoch på bokmål kling «nærare» han. Samstundes kan eit intervju med han på nynorsk gje folk ein vekkjar om at det som oftast er motsett; det er bokmålet som dominerer. Journalistar og redaktørar burde begynna å sjå på dei to skriftspråka våre som ei gåve. For eg trur mange hadde synst det var skøy å sjå meir nynorsk på trykk, i alle samanhengar. Det har vore draumen min i tjuve år: meir svineri på nynorsk. Nynorsk passar til alt, poesi og politi.

Kva er det med Voss?

Heimstaden Voss har fått ei sentral rolle i «Eides språksjov». På ein stor skjerm bak scenen ser me Voss sentrum, kalla Vangen, med den mektige Vangskyrkja. Og på scenen sit tre innfødde vossingar. Heilt tilfeldig, forsikrar Eide.

– Me tenkte fyrst å syna omrisset av bygga på Vangen, men så ville scenografen at me skulle ta han heilt ut. Når me syner fram Voss på den måten, vert bygda både konkret og universell, ei klassisk norsk gjennomsnittsbygd. Alle har ein stad dei kjem frå, og då kan dei kjenna seg att i biletet frå Vangen.

Det er mange profilerte folk frå Voss, ein kommune med 14 000 innbyggjarar. Kva er grunnen?

– Det må vera noko i vatnet. Nei, eg snakka med Kari Traa om dette ein gong. Og det er nok slik at om du ser nokon du kjenner, ja, når du ser naboen din vinna OL-medalje, så er det lettare å tenkja «det kan eg også!». For min eigen del vart eg nok inspirert av vossing Ingvild Bryn. Som litt forsiktig bygdis på journalisthøgskulen i Oslo var det bra å vita at det gjekk an å få jobb og merittliste i sjølvaste NRK. Alle er me frå ein plass – om han er liten eller stor, det betyr ikkje så mykje. Dess tryggare du blir på identiteten din, dess opnare blir du. Van Morrison kom til Vossajazz i 1987. Då kan det vel ikkje vera så gale? ●

«Se mitt språk» – unikt i verdenssammenheng

På åttitallet begynte tegnspråk å bli anerkjent som språk i Norge. Som andre barn hadde døve og hørselshemmede barn behov for å kunne kommunisere godt med sine foreldre. Det var utgangspunktet for at Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet etablerte tegnspråkopplæring for foreldre.

AV SONJA MYHRE HOLTEN

«**SE MITT SPRÅK**» er en voksenopplæringsarena der tegnspråk læres som et fremmedspråk. Utfordringen er å få tilgang til tegnspråklige arenaer der norsk tegnspråk kan overføres mellom generasjonene, slik at barna kan tilegne seg språket som førstespråk. Det er vanskelig å etablere slike arenaer, fordi det kan oppfattes som en form for segregering og gi negative assosiasjoner. «Se mitt språk» er derfor viktig for å gi døve og hørselshemmede muligheten til en to- eller flerspråklig oppvekst. Norsk tegnspråk utelukker nemlig ikke hørsel eller tale verken gjennom koklea-implantat eller høreapparat.

Behovet for en arena

Større gode tegnspråklige arenaer er et språkstyrkingstiltak som sikrer døve og hørselshemmede barn god tilgang til et godt og korrekt norsk tegnspråk. Det innebærer at både døve og hørende barn naturlig kan tilegne seg et språk som de uanstrengt kan kommunisere på. Det er kanskje på tide å begynne å innse at forskjellige grupper må inkluderes på forskjellige måter.

«Se mitt språk» støtter opp under språkbruksmålet slik det er beskrevet i Stortings-

melding 35 (2007–2008): «Alle skal ha rett til språk, å få utvikla og tileigna seg det norske språket, bokmål og nynorsk, å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk, sitt eige urfolksspråk eller nasjonale minoritetsspråk, og alle skal få høve til å læra seg framande språk.» Tiltaket bidrar også til at norske myndigheter følger opp det ansvaret de har påtatt seg ved å ratifisere FNs konvensjon om rettigheter for personer med nedsatt funksjonsevne.

Opplæringen

Opplæringen er modulbasert og går over til sammen 40 uker fram til barnet fyller 16 år. Målet er at foreldrene etter endt opplæring skal «kunne kommunisere mest mulig uanstrengt og flytende med sine barn» (undervisningsplanen, s. 1). Tegnspråkopplæringen har to tilnærminger: 1) demokratiperspektivet, fordi tegnspråk er nødvendig i større eller mindre grad for døve og hørselshemmede, og 2) det språkpolitiske perspektivet, der norsk tegnspråk er ett av flere språk som blir brukt i et mangespråklig samfunn.

«Se mitt språk» består av en tegnspråkdelen og en informasjonsdel. Tegnspråkdelen



fokuserer på språkfunksjoner og tegnspråkgrammatikk. Informasjonsdelen består av seks hovedområder: foreldre og familie, tospråklighet – samspill og kommunikasjon, barnehage- og skolerelaterte emner, lover og rettigheter, audiologi, døvekultur og døvehistorie.

Forpliktelser og holdninger

Norsk tegnspråk sikrer at døve og hørselshemmede kan delta i samfunnet gjennom tegnspråktolk dersom de ønsker det. Norge må ta gi tydeligere signaler om at de vil forvalte norsk tegnspråk som en del av norsk kulturarv og språkhistorie og oppfylle sine folkerettslige forpliktelser i FN-konvensjonen, der tegnspråk er nevnt

i fem artikler hele syv ganger.

Dessverre ser vi at det finnes holdninger, også hos tilsynsmyndigheter, som synes å være basert på at «man ikke trenger» norsk tegnspråk fordi barnet «hører for godt». En slik ukyndig vurdering kan sette grenser for barn og unges tilgang til norsk tegnspråk, til tross for at foreldrene ønsker at barna skal ha denne tilgangen, og det er til barnas beste. I et språkpolitisk perspektiv dreier ikke norsk tegnspråk seg om hvilken hørselsstatus et menneske har, og det kan ikke betraktes som et erstatningsspråk eller en kommunikasjonsmetode.

Sonja Myhre Holten er seniorrådgiver i Språkrådet.

FAKTA

På Signo skole og kompetansesenter er opplæringsprogrammet tilpasset familier som har barn med hørselshemming i kombinasjon med ulike funksjonshemninger og/eller døvblindhet.

Opphold og kurs dekkes av Statped i samarbeid med Ål folkehøgskole og kurscenter. Reiseutgiftene kan dekkes av hjemkommunen, og foreldre har rett til opplæringspenger. Oppholdet på Ål folkehøgskole og kurscenter for døve er et tilbud for hele familien.

Språkdilemma i høgare utdanning

Det går på engelsk og norsk, som det heiter i den gamle slageren. Slik er det også i høgare utdanning i Noreg i dag, der stadig meir av undervisninga og forskinga går føre seg på engelsk. Mykje tyder på at også den administrative delen av verksemda står under press.

AV BJØRG NESJE NYBØ



I *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2016* frå Kunnskapsdepartementet kan vi lese at prosentdelen emne som blir undervist på engelsk, har gått opp frå 8,9 i 2007 til 18,3 i 2015, når ein ser heile sektoren under eitt. Størst auke har det vore på universiteta, der det no blir undervist på engelsk i kvart fjerde emne. Den viktigaste årsaken er kravet om internasjonalisering, noko som også blir framheva i stortingsmeldinga *Kultur for kvalitet i høyere utdanning* (2017).

Parallellspråkbruk

Språkrådet skal arbeide for at norsk kan brukast på alle samfunnsområde. I dette arbeidet er det ikkje minst viktig å sikre at norsk er i bruk innanfor høgare utdanning, sidan mykje av fagspråket som blir brukt elles i samfunnet, blir fastsett og innlært her. Korleis kan så Språkrådet bidra til dette? Våren 2016 sette vi i gang eit prosjekt for å skape større medvit om korleis ein kan bruke engelsk og norsk, skriftleg og munnleg, ved sidan av kvarandre, utan at det eine språket fortrenger det andre. Dette blir kalla *parallellspråkbruk*. Målet med prosjektet var å utarbeide ei praktisk oppskrift, ein mønsterpraksis, for kva ein skal gjere når spørsmålet om å velje norsk eller engelsk oppstår i universitets- og høgskulesektoren.

Kulturdepartementet var pådrivar for prosjektet. Dei fekk også med seg Kunnskapsdepartementet, sidan høgare utdanning ligg under dette departementet. Noregs Handelshøgskule (NHH) blei invitert til å delta, sidan dette er ein institusjon som er passeleg stor, og som ligg langt framme når det gjeld internasjonalisering. Dei veit altså kor skoen trykker, og dei ville gjerne vere med.

Kartlegging

Første del av prosjektet var ei omfattande kartlegging av språkbruken på NHH i vårsemestret 2016. Spørjeskjema gjekk ut til alle delar av institusjonen: teknisk-administrativt tilsette, vitskapleg tilsette og studentar. Skjemaa var

tilpassa dei einskilde gruppene. Tidlegare studentar og eit utval arbeidsgjevarar som NHH hadde hatt kontakt med i ulike samanhengar, blei også spurde. Målet med det siste var å få eit oversyn over kva språkkrav som møter studentane når dei kjem ut i arbeidslivet.

Mønsterpraksis

Med denne kartlegginga fekk dei som skulle arbeide med mønsterpraksisen, eit omfattande oversyn over språksituasjonen på NHH som dei kunne diskutere ut ifrå. Diskusjonane internt på NHH gjekk føre seg i tre arbeidsgrupper: éi for undervisning (som òg inkluderte studentrepresentantar), éi for forskning og forskingsformidling og éi for arbeids- og kommunikasjonspråk. Felles for dei tre gruppene var eit ønske om at ikkje-norskspråkleg tilsette lærer seg så godt norsk at dei kan følgje ei samtale og lese norsk tekst. Det høvde godt med ønsket til mange av dei utanlandske tilsette om betre norskspråkleg kompetanse. Med betre kompetanse i norsk vil dei mellom anna kunne forstå spørsmål på norsk frå studentane, medan dei vil kunne svare på engelsk. Dei vil òg kunne følgje norsk samtale i eit møte, men delta i samtalen på engelsk. Studentar og norskspråklege tilsette på si side melde at dei hadde behov for å betre engelskkunnskapane sine. Og arbeidsgjevarar og tidlegare studentar melde om behov for å beherske både norsk og engelsk i arbeidslivet.

Rapporten frå dei tre arbeidsgruppene på NHH låg føre i mai i år. Om dei ønsker det, vil NHH kunne bruke han i det vidare, interne språkarbeidet sitt, eventuelt saman med resultatata frå kartlegginga. Språkrådet skal bruke materialet frå prosjektet til å utarbeide ein meir generell mønsterpraksis for heile universitets- og høgskulesektoren. Slik får dei einskilde institusjonane eit verktøy som kan hjelpe dei ut av dei språklege dilemmaa som kravet om internasjonalisering skapar.

Bjørn Nesje Nybø er seniorrådgjevar i Språkrådet.

Tyske Hans Geiger har gitt
namn til geigerteljaren.

Foto: ChrisD600 / iStockphoto



Menneska bak orda

Gallup, krøsus, derby, boysenbær, mauser, dresin og boikott er alle ord som er laga av personnamn. Det er herr Gallup og kaptein Boycott prov på.

AV ERLEND LØNNUM

NÅR EKTE OG OPPDIKTA eigennamn går over til å bli fellesnamn, kallar vi det *eponymi*, frå gresk *epi* 'ved' og *onyma* 'namn'. Utgangspunktet for eponyma er oppfinnarar, naturvitarar, ideologar, mytologiske vesen, bibelske personar og andre som har sett spor i historia – og i ordbøkene.

Eponymi

Verdskjente oppfinningar er gode døme på eponymi: Røntgen, geigerteljar og diesel kjem frå namna til dei tyske fysikarane Wilhelm Röntgen, Hans Geiger og Rudolf Diesel, og meningsmålingstypen gallup kjem frå den amerikanske forskaren George Gallup.

Dei fleste eponyma spring ut av naturvitenskapen. Forskarar har gitt oss namn på temperaturskalaar som celsius og fahrenheit, måleiningar som ampere og volt, einingar som tesla og ångstrøm, sjukdomar som bekhterev og parkinson og planter som fresia, fuksia og linnea.

Andre eponym kjenner vi frå mytologien (akilleshæl og janusansikt), Bibelen (judas og laban), musikken (saksofon og spinett) og historiske hendingar (giljotin og quisling) – og frå mange andre område, jamfør lista nedanfor, der menneska bak er avslørte.

EPONYM I UTVAL


frå *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*

boikott	Charles C. Boycott	1832–1897	britisk offiser
boysenbær	Charles Rudolph Boysen	1895–1950	amerikansk gartner
celsius	Anders Celsius	1701–1744	svensk astronom
derby	Edward Smith-Stanley	1752–1834	12. jarl av Derby
diesel	Rudolf Diesel	1858–1913	tysk fysikar
dresin	Karl Drais von Sauerbronn	1785–1851	tysk oppfinnar
gallup	George H. Gallup	1901–1984	amerikansk forskar
geigerteljar	Hans Geiger	1882–1945	tysk fysikar
giljotin	Joseph-Ignace Guillotin	1738–1814	fransk lækjar
krøsus	Kroisos	500-tallet f.Kr.	konge i Lydia
marxisme	Karl Marx	1818–1883	tysk filosof
mausergevær	brørne Mauser	rundt 1866	tyske våpenkonstruktørar
morse	Samuel Morse	1791–1872	amerikansk oppfinnar
newton	Sir Isaac Newton	1642–1727	engelsk fysikar
pirquetprøve	Clemens von Pirquet	1874–1929	austerriksk lækjar
quisling	Vidkun Quisling	1887–1945	NS-politikar
røntgen	Wilhelm C. Röntgen	1845–1923	tysk fysikar
sadisme	marki de Sade	1740–1814	fransk forfatar
saksofon	Adolphe Sax	1814–1894	belgisk oppfinnar
volt	Alessandro Volta	1745–1827	italiensk vitskapsmann
watt	James Watt	1736–1819	skotsk oppfinnar
ångstrøm	Anders Jonas Ångström	1814–1874	svensk fysikar

STADNAMNORD I UTVAL

Ord som er danna av bynamn, er ein liknande kategori.

baldakin	silketøy frå Bagdad (før Baldak)	pergament	skinntype frå Pergamon i Lilleasia
cheddar	ost frå engelske Cheddar	pils	øltype frå tsjekkiske Plzeň
denim	dongeristoff frå franske Nîmes	rottweiler	hunderase frå tyske Rottweil
korint	tørka drue frå greske Korint	sjanghaie	sjøuttrykk frå kinesiske Shanghai
limerick	skjemtevers frå irske Limerick	spa	kurbad i belgiske Spa
mekka	uttrykk frå saudiarabiske Mekka	tivoli	hageanlegg i italienske Tivoli
olympiade	uttrykk frå greske Olympia	ytterbium	grunnstoff frå svenske Ytterby (samt erbium, terbium og yttrium)
paranøtt	nøtt frå brasilianske Para		
parmesan	ost frå italienske Parma		



«Tenkeren» av Auguste Rodin.
Foto: 139904 / Pixabay

Hovedbry

Det heter i hovedsak hode på bokmål og hovudsakleg hovud på nynorsk. Fra latin har vi arvet flere «hovedord».

AV JOHN ERIK BØE LINDGREN

NORRØNT HOFUD, SOM BETYR 'hode', ble i dansk til *hoved*, som brukes både om kroppsdelen og i overført betydning om det viktigste, største, mest betydelige. I bokmål skiller det abstrakte *hoved-* lag med det konkrete *hode*, mens nynorsk og svensk i likhet med dansk holder *hode*-metaforen levende ved å bruke ett ord om begge deler (nynorsk *hovud-*, dansk *hoved-*, svensk *huvud-*).

Hodehistorien

Før 1907 ble *hode* i dansk-norsk regnet som en norsk uttaleform av *hoved*, vel å merke i konkret betydning. I 1907 fikk riksmålet det konkrete *hodet* formelt på plass i rettskrivningen. Dermed skilte *hoved* lag med kroppen, men ble samtidig sikret evig liv i den abstrakte og høytidelige sfæren, der ord med felles dansk-norsk form gjerne har forrang. Noen «hodestad» fikk vi aldri.

Vi i Norden er ikke alene om å bruke hodet som symbol for det viktigste. På latin heter hode *caput* og hoved- *capitalis*. *Hofud* er språkhistorisk sett det samme ordet som *caput*, både på innholdssiden og uttrykks-siden. *Caput* finner vi blant annet igjen i substantivet *kapital* 'hovedsum, beholdning av økonomiske goder' og adjektivet *kapital* 'hovedsakelig'. *Biceps* betyr egentlig 'tohodet'. *Kapitler* 'små hoder' er hovedavsnitt i en tekst. Når man *kapitulerer*, overgir man seg til fienden på visse vilkår, gjerne gjennom en avtale satt opp i hovedpunkter. *Kapteinen* er en *hovedsmann* (*hofudsmaðr*), og en *chief* (= *sjef*) er en *høvding*. Både *kapteinen* og *chiefen* stammer fra *caput*. Og *kadetten*, av *capitellum* 'lite hode', kommer diltende etter.

De minste blodårene i kroppen har fått navnet *kapillærer* fordi de er like tynne som *capillus*, hårstråene som vokser på hodet. Det er altså en hårfin sammenheng mellom det største og det minste, selv om logikken er noe kaputt.

I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

Big deal

Hvor ofte hører vi ikke nordmenn si *sorry* i stedet for *unnskyld*? Eller *fuck* i stedet for *faen*? Eller at noe er *nice* i stedet for *bra*, eller kanskje *lame* eller *lost cause* når de like gjerne kan si at noe er *teit*, eller at det er en *tapt sak*?


Vi er nok mange som irriterer oss over tv-kokken som lager *crumble pie*, og som *soaker* brødet for å lage *bread-pudding*, eller *reality*-deltakeren som må *face* problemene sine.

Latskap

Men *whatever*, liksom. Er det noen *big deal*? Alle levende språk henter inspirasjon utenfra og utvider ordforrådet ved å låne inn ord fra andre språk. Norsk har en mengde ord som har kommet fra tysk, engelsk og svensk. I flere tilfeller har vi hentet inn utenlandske ord for å dekke noe nytt, noe norsk ikke hadde et ord for fra før.

Nå ser det imidlertid ut til at de engelske ordene fungerer mer som krydder i språket, noe vi bruker for å virke kulere. Eller kanskje tyr vi til engelsk fordi vi ikke finner eller husker de norske ordene? Er norske ord og uttrykk i ferd med å gå i glemmeboka, eller er vi bare late?

Oh my God, skal Språkrådet moralisere nå, tenker du kanskje. Men er det egentlig noen grunn til å si *basically* når vi kan si *i bunn og grunn*? Må vi be noen om å *chille* når vi like gjerne kan be dem *roe seg ned* eller *slappe av*? Og hvorfor sier vi at noen har *kids* når vi mener at de har *barn*?



Worst case scenario: I verste fall kan norsk bli et fattigere språk. For når vi slutter å bruke ord, forsvinner de ut av språket, og et språk som mister ord, blir fattig.

Krafttak for norsk

Kanskje vi i 2017 skulle bli enige om å holde på de fullgode norske uttrykkene i stedet for å bruke engelske uttrykk som hverken tilfører noe nytt, eller utvider det språklige registeret.

Har vi en *deal* avtale?

Marianne Aasgaard er seniorrådgiver i Språkrådet.



Skikkelig standard

De kan utgjøre forskjellen mellom liv og død, og de er avgjørende for smidig handel og kommunikasjon over landegrensene. Standardene er samfunnets sikkerhetsnett. Men hva skjer om de som skal bruke dem, ikke forstår dem?

TEKST LARS IVAR NORDAL | FOTO NADIA FRANTSEN



Fra venstre: Reine Danielsson, anleggsleder, Rune Vestbekken, sveisekoordinator, Raymond Rotberget, prosjektleder

PÅ EN BYGGEPLASS på Fornebulandet utenfor Oslo er tre portugisiske arbeidere i gang med forskaling av det som skal bli en stor boligblokk. Her har det blitt bygd flere tusen boliger, og enda flere skal bygges i åra som kommer. I Stor-Oslo og ellers på det sentrale Østlandsområdet er byggeboomen et faktum.

– Dette er parkeringskjelleren, og så kommer det tre blokker oppå her, forklarer prosjektleder Raymond Rotberget. I dag har han fått selskap av sveisekoordinator Rune Vestbekken, som i mer enn tjue år har passa på at sveisearbeidet holder mål på byggeplas-

ser over hele Østlandet. Men de siste åra har arbeidet endra karakter.

– Det blir rett og slett mer og mer tekst å forholde seg til. Og stadig mer skal dokumenteres. Så vi bruker mye tid på å sette oss inn i ting, forklarer Vestbekken.

Forståelige standarder

Bygge- og anleggsbransjen er en av næringene som i stor grad reguleres av det vi kaller *standarder*. I denne sammenhengen er standarder dokumenter som slår fast hvilke egenskaper betongen i et bygg skal ha, hvilke krav til universell utforming nybygg skal



«Det blir mer og mer tekst å forholde seg til. Og stadig mer skal dokumenteres. Så vi bruker mye tid på å sette oss inn i ting.»

RUNE VESTBEKKEN

oppfylle, og hvordan rømningsveier skal konstrueres, for å nevne noe. På andre områder er det standarder som definerer hvor på bankkortet chipen skal være plassert, hvordan en romraket skal bygges, og hvilket stoff det skal være i trøya du har på deg når du er innlagt på sjukehus. Standarder er en slags usynlig vev av retningslinjer som gjennomsyrer livet vårt, uten at vi ofrer dem en tanke. I Norge blir over 1200 slike standarder fastsatt hvert år. Men bare et fåtall får norsk språkdrakt.

– I jobben som sveisekontrollør forholder jeg meg til en hovedstandard, i tillegg til tolv andre standarder. Bare hovedstandarder er på norsk. Den refererer i stor grad til de andre standardene, som alle er på engelsk, forteller Rune Vestbekken.

Og dette gjelder ikke bare byggebransjen. Faktisk er hele 97 % av standardene som gis ut i Norge, såkalte internasjonale standarder. Standardisering på tvers av grensene skal gjøre kommunikasjon og handel enklere, men konsekvensen er at disse standardene bare blir utvikla på engelsk.

– Jeg føler meg ikke spesielt trygg i allmennengelsk, og i standardene møter jeg tung, teknisk engelsk. Da blir det vanskelig.

Nå bruker jeg faktisk av fritida mi for å sette meg inn i de kravene som standardene stiller. Jeg har alltid likt å oppdatere meg faglig og ha gode begrunnelser for de valgene jeg tar. Selv om jeg vet at det er bra nok sveiseteknisk, må jeg kunne dokumentere valgene. Og da må jeg kunne forstå og bruke standardene.

Lingua franca

Vestbekken forteller om en arbeidshverdag der standardene inntar stadig nye områder. Også den språklige utviklinga har gått i én retning. For noen tiår siden var alle standarder på norsk. Med europeisk integrasjon og internasjonal standardisering er engelsken nærmest blitt enerådende.

Er det ikke positivt at engelsk kan fungere som et lingua franca også på dette området?

– I teorien høres det bra ut. Men det vi ser i praksis, er at mange ikke kan engelsk godt nok. Samtidig blir det stadig oftere foretatt ettersyn og kontroll med det vi gjør. Det fører til at bedriftene bruker svært mye tid på å forstå og oversette de engelske dokumentene. Jeg tror man hadde spart både tid og penger dersom flere standarder var på norsk, sier Vestbekken.



Han understreker at det er viktig for sikkerheten at standardene blir forstått.

– Det er norsk som blir best forstått i Norge. I min bransje har vi med bærende konstruksjoner å gjøre. Da kan det ikke finnes rom for feiltolkning på grunn av språk. Ta for eksempel konsertarenaen Telenor Arena i Bærum. Der har du fagverkskonstruksjoner på over hundre meters lengde. Blir det gjort en feil der, kan det få fatale konsekvenser med tusenvis av mennesker til stede, sier Vestbekken.

Historien har vist hvilke følger manglende standardisering kan få. Da det brøt ut brann i John E. Hurst & Company-bygningen i Baltimore i USA i 1904, spredte flammene seg raskt til bebyggelsen rundt. Til slutt sto åtti kvartaler i brann. Det ble tilkalt mannskaper fra New York, Philadelphia og Washington DC, til ingen nytte: Brannslangene deres passa ikke til brannhydrantene i Baltimore, og de ble hjelpeløse vitner til at 2500 bygninger ble flammens rov.

Standarder på norsk

Standardisering er ikke noe nytt fenomen. I Indus-dalen var det standardmål for murstein allerede for fire tusen år siden. I avtalen *Magna carta* fra 1200-tallet er det definert egne mål for vin, mjød og korn. Her til lands ble standardiseringa utvikla fra begynnelsen av 1900-tallet. Så vi trenger standarder, og det i stadig større grad. Men hvorfor kommer ikke alle på norsk?

– Det begynner å bli veldig lenge siden norske standarder bare kom ut på norsk, sier Jakob Mehus, direktør i medlemsorganisasjonen Standard Norge, som utvikler og godkjenner de aller fleste standardene som kommer ut her i landet.

– Det finnes ingen faste ordninger i Norge i dag for å oversette standarder i stort volum. Vi har noen egne oversettere i Standard Norge, men det er begrensa hvor mye vi har mulighet til å oversette. Samtidig ser vi at det er

